

Her har livsens kjelde runne – gudsteneste i naudsyn og glede
Mikkelsmessekonferansen Drammen, 26.september 2024

Inngang

På søndag var eg i Uppsala domkyrkje, på bispevigsling av to nye biskopar i Svenska Kyrkan, biskop Teresia i Härnösand og biskop Ulrika i Skara.

Det er stort for vår kyrkje å få nye biskopar.

Det gjer synleg vår einskap og vår tradisjon.

Det er klart det er mykje festivitas i Sverige ved slike høve; ein slags småskala Nobelprisutdeling med protokoll, og med eit salig virvar av mössor og stavar og alt det utstyret som ein kan tenke seg.

Men det sterkaste for meg var likevel noko eg vil kalle ein *heilag, tidlaus augneblink*:

Då dei to biskopane vart ikledd sine teikn medan jentekoret på ubeskriveleg vakkert vis song *Veni Sancte Spiritus*, Kom Heilag Ande.

Det var som om tida stod stille medan vi var vitne til den heilage handlinga og vi bad – den bøna som vi ikkje berre bed for våre biskopar -, men som vi bed for dei heilage gåvene på nattverdbordet og for dåpsvatnet, for dei som skal vigslast til kyrkjeleg teneste, ja – for inngangen til heile vår gudsteneste:

Kom Heilag Ande!

Det er avgjerande for vår gudsteneste at Anden er nær.

Og det er *lovnaden om at Anden er nær* som gjer vår gudsteneste mogleg. Av og til treng vi visst å bli minna om det. Ein heilag tidlaus augneblink i Uppsala vart min inngang til dette foredraget.

Lat oss syngje salmen på nr 554 *Høyr kor kyrkjelokka lokkar*.

Det økumeniske

I alt vårt arbeid med liturgi og liturgirevisjonar må vi ha blikket på den økumeniske tradisjonen. Vi skal *bejae tradisjonen* og sjå etter korleis gudsteneste har blitt feira i kyrkja sidan dei fyrste kyrkjelydane var samla.

For vi kjem aldri frå at vi som Jesu Kristi kyrkje på jorda forvaltar den økumeniske tradisjonen, pulsen som har gått gjennom generasjonane. Og heldigvis er vår høgmesse i dag kanskje nærare den økumeniske tradisjonen enn den nokon gong har vore.

Vi har fridom til å gå bort frå, eksperimentere, tenke nytt, gjere til vårt. Heilag Anden som sette seg som eldluer på dei som var i Jerusalem den fyrste pinsedagen, viser jo også korleis vi med våre eigne uttrykk, songar, språk og teikn gjer vår gudsteneste verdsvid og stadeigen. (Den lutherske biskopen frå

Papa Ny Guinea. Bierna Bientjie som joikar innstiftingsorda ved nattverden. At ein kan høyre Guds ord lest og forkynt på sitt eige språk.)

Det *berekraftige* i det er at ikkje berre finn vi fram til kvalitet som vi kjenner vi kan kvile i. Men særleg dette at det bind oss saman som Guds kyrkje i verda.

Då eg var student var eg i ein periode Den norske kyrkje sin representant i sentralkomiteen i Konferansen av Europeiske kyrkjer. Eit heftig, men veldig lærerikt verv for ein 22-åring. I møta var vi alltid plassert alfabetisk ved sidan av kvarandre med faste plassar.

I fem år sat eg mellom den ortodokse biskopen Irenej av Novi Sad og erkebiskop Kalpakian frå den armenske kyrkja, verdas eldste statskyrkje med ein liturgitradisjon som er noko av det vakraste og mest symbolrike eg kan tenke meg. Og vi delte kvarandres liturgiske tradisjonar i morgonbøner og aftansongar.

Erkebiskop Kalpakian hadde tydelegvis kjennskap til vårt gudstenesteliv i dei vestlege kyrkjene. For då han ein morgon skulle leie oss i bøn, sa han med glimt i auga:

“I dag skal vi ha ei morgonbøn etter den siste liturgirevisjonen i den armenske kyrkja.

Den er frå 1100-talet.”

Vi skal ikkje tenke lite om liturgi som ei samanbindande kraft i religionane, i vår kyrkje, ja – kanskje også i vårt samfunn.

For om vi tenker etter, er det kanskje ingen andre stad i våre fellesskap vi på ein slik måte held levande dei lange linjene, “*herdenker*” det som eingong hende, og som hender igjen her og no, og slik også set oss i samanheng med dei som har vore her før og dei som skal kome etter.

Slik held den jødiske familien kvar fredag kveld sitt sabbatsmåltid.

På denne måten har pilegrimane i tusenar av år nærma seg sine heilagstader. Dei nesten ufattelege vakre, kromatisk innfløkte melodiane i den armenske liturgien, seinast revidert på 1100-talet, trong ikkje å fornyast for å romme også den største smerte og lidning som det armenske folket opplevde i folkemordet først på 1900-talet.

Tvert om, den var der og tok i mot og bar lidinga dei opplevde, ja, det dei hadde bore med seg gjennom meir enn tusen år var til trøyst.

Og den ber dei framleis i dag.

Vi skal tenke om våre gudstenester at dei med sine uttrykk innlemer og gjev meining til våre samanhengar. I ei tid der vi kan sjå at det vi har hatt til felles, - ein kulturell, religiøs arv - er i ferd med å bli meir og meir fragmentert og utarma, er det dette vi må halde fram:

Det som bind oss saman, det vi *kan* saman, det som ber oss.

Heldigvis er det også slik no at når ein er saman i økumeniske samanhengar, er det mitt inntrykk at ein er meir frimodig i å feire saman i det stadeigne uttrykket, meir enn å lage anemiske gudstenestesamlingar ut frå prinsippet om “minste felles multiplum”, der ingen egentleg kjenner seg att i noko som helst...

Vår evangeliske arv

Men vi har noko som er særige for *vår* kyrkje, for vår gudsteneste, for det vi kan kalle vår evangeliske arv. Den må vi skatte og halde høgt.

Det luthersk- protestantiske som vi alltid kjem attende til er at Evangeliet *skjer*. Og vi har vår salmetradisjon: At vi framleis syng salmar saman. At det blir laga nye salmar. At vi høyrer og syng salmar med fornya kraft og ny tolking.

Det er noko brennaktuelt i dette lutherske prinsippet:

At evangeliet skjer.

Jesushendingane som Evangelia fortel om, dei skjer også i vår gudsteneste!

Det er noko uføreseieleg over det; eit “frislepp” om du vil. Det er lik vatnet som går dei vegane det vil. Om vi aldri så mykje trur vi kan styre det, vil det alltid ta avstikkarar, bane seg nye vegar og lage bekkar og elver, oppføre seg på uventa, og nokre gonger også ganske risikabelt vis.

Det skjer når vi les, høyrer og får evangelieteksten utlagt i gudstenesta; gjennom salmane som er valt ut til dagen, gjennom det koret syng, gjennom sakramenta vi deler. Evangeliet får sin aktualitet i søndagens tekst som nokon har bestemt skal vere det som vi alle høyrer i gudstenesterommet denne dagen, uansett om vi er i Kvinnherred eller på Kolbotn, på Geilo eller i Gausdal, det skjedde der og då, og der skjer igjen – vi er saman om at det skjer i vår tid, her og no.

Vår oppgåve, vi som har ulike oppgåver i gudstenesta, er å fortolke, opne mot våre fellesskap og våre samfunn, la Evangeliet bane seg veg inn i våre liv og inn i vår verd.

Det er *hendinga om Evangeliet* som samlar oss.

Difor skulle det vere med ein enorm forventning vi går til gudsteneste: Kva vil skje med oss i dag? Kva for uventa avstikkarar vil Evangeliet gjere denne gongen?

Eg har sånn mail-teneste der Dagens bibelord frå Bibelselskapet kjem på mail kvar einaste dag. Eller natt. Klokka 04.02 kjem teksten i innboksen min. Heldigvis har eg ikkje lyd på så eg vaknar. Men eg har merka at på morgonen opnar eg mailen frå Bibelselskapet liksom med *forventning*: Kva for bibelord er det som har kome denne dagen?

Ei slik forventning skulle eg håpe vi også kunne ha til vår gudsteneste:

Kva er det vi skal få oppleve i dag? På kva måte vil Evangeliet få sitt uttrykk? Kva vil det gjere med meg – med oss? Kva for konsekvensar får det for mitt liv, for oss som kyrkje?

I den jødiske gudstenesta proklamerer ein “Shema´Israel” - Høyr Israel! Med dei urgamle tekstane som einaste tekstgrunnlag vender ein seg enda ein gong til tradisjonen – i von og visse om at det særskilte bandet som ein gong knytte Gud og hans utvalde folk saman, vil knytast igjen og igjen. I tradisjonshistoria, som er så konstituerande for dei som religiøst folk, men med eit notidig imperativ - Høyr!, finn den jødiske kyrkjelyden igjen fornying og stadfesting.

Eit eksempel som Bibelen sjølv gjev på korleis Evangeliet forandrar og verkar, er forteljinga om kvinna ved Sykars brønn. Det er mange som har den forteljinga som ei av sine hjarteforteljingar:

Om Jesus som i middagsheiten møter kvinna som i skam kjem til brønnen for å unngå dei andre. Men som møter denne mannen som avdekkjer hennar liv og seier han kan tilby vatn som aldri meir skal gjere tyrst.

I seg sjølv er forteljinga sårvakker. Og oppreisande. Jesus er tyrst. Det er kvinna som får gje han vatn.

Han gjev henne respekt. Til gjengjeld gjev ho han det han treng. Og Jesus fortel henne om vatnet som aldri meir gjer tyrst.

Evangeliet har skjedd.

Men *effekten* av Evangeliet ser vi fyrst når kvinna spring inn att i landsbyen, til dei andre kvinnene som ho eigentleg ville unngå. No ropar ho ut med glede og forundring (og eg høyrer stemma og tonefallet til prestefrua i Ål prestegard som las for oss jentene på misjonsforeininga):

“Kom og sjå ein mann som har fortalt meg alt eg har gjort!”

Dette er Evangeliets frigjerande kraft til oppreising og nytt liv! Og vi trur at det også skjer i vår gudsteneste i dag. Difor skulle vi møte det med stor forventning!

Berøring

Våre gudstenesteuttrykk, også i ei kyrkje som i si form og sine uttrykk trass alt er ganske einheitlig, er likevel varierte og i endring. Eg har eit år bak meg der eg gjer meg kjent i eit stort bispedøme. Eg har feira mange gudstenester ute i kyrkjelydane (det synes eg er noko av det viktigaste biskopen skal gjere!), og eg opplever at der er eit mangfald av uttrykk, tradisjonar og ynskje for gudstenestelivet – og gjennomgåande med høg kvalitet, - men med ulik tilgang på ressursar.

Ordo er den same.

Det er ikkje så stor skilnad i val som er gjort for lokal ordning.

Likevel høyrer eg ofte når eg kjem til ein ny kyrkjelyd at her ynskjer ein å gjere det på sin måte - ut frå tradisjonar og lokale tilhøve. Det forunderlege er jo at det likevel blir ganske likt...

Så godt som alle stadene har eg også fått innsikt i at ein tenkjer fornying av gudstenestelivet som noko ein treng og vil bruke tid og satse på. Mange stader slit ein med oppslutning om dei vanlege gudstenestene etter pandemien. Ein når ikkje nye grupper. Kanskje har ein ikkje dei ressursane ein kunne ynskje seg. Nokre vil seie det nærmar seg ei krise. Andre vil tenke at det betyr at vi må tenke nytt.

For meg er det ikkje kritisk at vi blir tvinga til å tenke nytt om våre gudstenestelege samlingar. *Endring* er kyrkja sin definerande modus. Ja, å endrast er eit teologisk imperativ; det er i dramatiske endringar Guds fornying med sitt skaparverk har skjedd:

I skapinga frå kaos til kosmos, frå mørke til lys.

Frå død til liv. Frå ein kult som var forbeholdt eitt folk, til ei tru som omsluttar alle menneske.

I ei slik endringstid – i *vår tid* – vil vi også måtte spørje oss kva som må til for at menneske skal slutte seg til. Kva er det som berører, når det ikkje lenger er ein autoritet som kan seie at “det er slik!”

Kva bind saman, når det er mindre som foreinar oss?

Utan å bli sentimentale, trur eg vi må vere meire djerve i å spørje etter kva som *berører*. Kva er det vi umiddelbart – eller med litt trening – kan slutte oss til? Når kjenner vi at det rører ved oss – kva er det som opnar for å kalle fram dei heilage tårene?

Estetikken og tradisjonen trur eg framleis på.

Det treff breitt, folk er glade i kyrkjehusa, i salmane, i symbola vi har saman. Det alltid kritiske spørsmålet vi som har kompetanse på gudsteneste må spørje oss, er om vi er for elitistiske; at vi, når vi forvaltar ein kunnskap og noko vi er glade i og stolte over, ikkje makter å gjere alt det vi er så glade i tilgjengeleg for nye menneske, for nye generasjonar.

For vi har så mykje bra å forvalte, og eg trur at om vi greier å formidle det vidare, vil det vere til velsigning og fornying!

Vi har framleis songen! Kva for andre stader i samfunnet har ein allsongen så jamnt til stades i samanhengar vi møtes i på tvers av generasjonar, bakgrunn og meiningar?

Vi har ei kyrkje der vi skal få bruke hjartespråket!

Det betyr også at vi må lytte og fornye oss, glede oss over utvikling og undre oss over at vi ikkje forstår alt.

Vi har rituala og det dei gjev oss av meining – i dei vanlege dagane, og i livets merkedagar. Og like viktig er den *ritualiseringa* vi gjer når vi kan legge våre liv inn i det vi gjer saman i fellesskapet.

Vi har kvar veke ei fortolking av Evangeliet i møte med det som skjer rundt oss og i verda. Forkynninga gjennom preika; er det noko anna stad i samfunnet det skjer?

Vi har tradisjonen og estetikken i bygg, symbol, biletkunst og musikk.

Vi har det lokale og det verdsvide i eitt og det same.

Men framfor alt har vi lovnaden om Guds Heilage Ande, Guds nærvær, mellom oss. Det heilage, tidlause – som bant seg til vår historie som innslag i Guds evige vev og gjorde Evangeliet gripbart. Det finaste som er!

Skulle vi ikkje då både kvile i det; takke, og i glede streve etter å gje det vidare.

Lat oss reise oss og syngje nr 218 –

Kan eg vel syngje Herrens pris der englar syng i kor.

Det må vel høve ved Mikkelsmesse!